

Kontrollutvalget i Forsand kommune

Møteinnkalling

Møtested:	Møterom oppe
Dato:	29.04.2013
Tidspunkt:	Kl. 13.00
Møtenr:	

Til behandling:

Sak nr	Sakstittel
1/13	Godkjenning av protokoll frå førre møte
2/13	Skatteregnskapet for 2012 m/kontrollrapport - Forsand kommune
3/13	Årsrekneskap 2012 m/årsmelding Forsand Elverk KF
4/13	Årsrekneskap m/ årsmelding for 2012 - Forsand kommune
5/13	Rapport selskapskontroll: Interkommunalt arkiv IKS
6/13	Rekneskapsoversikt kontroll og tilsyn pr 31.12.2013
7/13	Kontrollutvalet i Forsand si årsmelding 2012
8/13	Statusoversikt april 2012

Referatsaker/meldingar

Periode:		
Nr.	Arkivsak	Referatsakstittel
1/13		Melding om vedtak i Kst: Kontrollutvalet sin årsplan 2013
2/13		Melding om vedtak i Kst: Plan for selskapskontroll 2012 - 2016
3/13		Melding om vedtak i Kst: Oppfølging av forvaltningsrevisjonen budsjettstyring
4/13		Melding om vedtak i Kst: Rapport forvaltningsrevisjon: Anskaffingar
5/13		Rogaland Revisjon: Åpenhetsrapport

Vennligast meld eventuelt forfall snarast på telefon 51 33 65 90 evt. 414 46 180, eller på e-post til postmottak.rks@sandnes.kommune.no.

Ved forfall blir varamedlemmer innkalla særskilt. Medlemmer som meiner seg inhabile, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkalla.

Evt. saker merket (*Unntatt offentlighet i medhald av off. l.*) sendes bare til medlemmer/vara-medlemmer.

25.04.2013

Inger Anita Merkesdal
Leder av kontrollutvalget

Per Kåre Vatland
Sekretariatet

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

1/13 Godkjenning av protokoll frå førre møte

Arkivsak-dok. 13/00014-1
Arkivkode. 049
Saksbehandlar Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	29.04.2013	1/13

Protokoll frå møte den 3. desember 2012 vart lagt fram for kontrollutvalet i Forsand til godkjenning, sjå vedlegg.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand godkjenner protokollen frå førre møte.

SANDNES, 13.03.2013

Per Kåre Vatland
Seniorrådgivar

Vedlegg:

[Protokoll frå førre møte.](#)

[Saksliste](#)

2/13 Skatteregnskapet for 2012 m/kontrollrapport - Forsand kommune

Arkivsak-dok. 13/00100-2
 Arkivkode. 232
 Saksbehandlar Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	29.04.2013	2/13

Bakgrunn

Kontrollutvalet har motteke "Årsrapport 2012" frå skatteoppkrevjaren i Forsand, og "Kontrollrapport 2012 vedrørende skatteoppkrevjarfunksjonen i Forsand kommune", frå Skatteetaten (sjå vedlegg). Kontrollrapporten er sendt til kommunestyret med kopi til kontrollutvalet.

I tråd med uttale frå Skattedirektoratet i 2004, vert skatterekneskapen lagt fram for kontrollutvalet og kommunestyret til orientering. Skatteoppkrevjar er invitert til å orientere i møtet.

Saksutredning

Skatterekneskapen for 2012 viser ein samla skatteinngang på 136,6 mill kr som er ei auke frå i fjor med 13,0 mill kr eller 10,5 %. Kommunen sin del av skatteinngangen er på 43,4 mill kr som er ein auke på 3,1 mill kr, eller ca 7,7 % i forhold til 2011. Uteståande restansar pr 31.12.12 utgjør 3,17 mill kr som er en nedgang på ca 0,49 mill i forhold til 31.12.11.

Kontrollrapporten summerar opp de tilsyn som Skatteetaten har gjennomført i 2012, og gir kommentarar til det skatterekneskapen.

Skatteetaten oppsummerar sin gjennomgang som fylgjer:

1. *Den overordna internkontrollen fungerer tilfredsstillande.*
2. *Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskap er i samsvar med gjeldande regelverk.*
3. *Skatteinnkrevjinga er i samsvar med regelverk.*
4. *Arbeidsgjevar kontrollen er utført i samsvar med regelverk, men ikkje i tilstrekkeleg omfang.*

FORSLAG TIL VEDTAK:

1. [Kontrollutvalet i Forsand tek Årsrapport 2012 frå skatteoppkrevjaren i Forsand med kontrollrapport 2012 frå Skatteetaten til orientering.](#)
2. [Saken vert send vidare til kommunestyret til orientering.](#)

SANDNES, 15.03.2013

Per Kåre Vatland
 Seniorrådgivar

Vedlegg:

1. [Kontrollrapport 2011 vedr. Skatteoppkrevjarfunksjonen i Forsand kommune.](#)
2. [Årsrapport skatteregnskapet 2011.](#)

Saksliste

3/13 Årsrekneskap 2012 m/årsmelding Forsand Elverk KF

Arkivsak-dok. 13/00113-5
 Arkivkode. 210
 Saksbehandlar Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	29.04.2013	3/13

Bakgrunn

Forsand Elverk KF sitt rekneskap er ein del av kommunen sin årsrekneskap, men har i alle år vorte handsama i eigen sak i kontrollutvalet.

Som kommunalt føretak er Forsand Elverk KF underlagt same tilsyn frå kontrollutvalet som kommunen. Kontrollutvalet har difor same rett til å knytte kommentarar til denne rekneskapen, som dei har til kommunerekneskapen.

Saksutgreiing

Rekneskapen til Forsand Elverk KF for 2012 visar eit overskot etter skatt på kr 3.563.493,-, medan overskot i 2011 var på kr 6.593.822,-. Styret føreslår at overskotet vert disponert som følgjer: 3,0 mill kr vert satt av til utbytte, og 0,56 mill vert lagt til eigenkapital. Etter styre si oppfatning gir rekneskapen eit rett bilete av drift og finansiell stilling.

Årsrekneskapen og årsmeldinga ligg ved saken. I årsmeldinga under punktet økonomi, gjer styret ei grundig forklaring på kvifor årets resultatet i år er lågare enn budsjettet og året før. Me viser elles til årsrekneskapen og årsmeldinga.

Dagleg leiar Jarle Larsen og økonomileiar Solveig E. Larsen vil orientere om rekneskapen i møtet

Revisjonsberetning og andre merknader frå revisor.

Rogaland Revisjon IKS har gjeve ei standard revisjonsberetning for 2012 utan merknadar.

Kontrollutvalet må vurdere om det er forhold i regnskapet de vil kommenterer i sin uttala til kommunestyret, basert på dokumenta i saken og orientering gitt i møtet.

FORSLAG TIL VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Forsand har ingen/følgjande kommentarar til årsrekneskapen 2012 for Forsand Elverk KF ut over det som kjem fram i revisjonsberetninga og årsoppgjersnotatet 2012.](#)

SANDNES, 22.04.2013

Per Kåre Vatland
 Seniorrådgivar

Vedlegg:

1. [Årsrapport 2012 – Forsand Elverk KF.](#)
2. [Revisjonsberetning 2012](#) – frå Rogaland Revisjon

Saksliste

4/13 Årsrekneskap m/ årsmelding for 2012 - Forsand kommune

Arkivsak-dok. 13/00113-1
 Arkivkode. 210
 Saksbehandlar Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	29.04.2013	4/13

Bakgrunn

I følge føreskrift om kontrollutval § 7 skal kontrollutvalet gje ein uttala om kommunen sin årsrekneskap til kommunestyret. Uttalen må gis slik at formannskapet kjenner til denne før de gir innstilling til kommunestyret om årsrekneskapen.

Etter føreskrifta § 8 skal òg kontrollutvalet sjå til at revisjonen sine merknader til rekneskapen (i revisjonsberetning og årsoppgjersnotat) vert følgde opp.

Som tidlegare år er årsrekneskap og årsmelding sendt ut frå kommunen. Revisjonsberetning og revisjonen sitt årsoppgjersnotat ligger som vedlegg til denne saken.

Saksutredning

Det framlagte regnskapet for 2012 viser at det er fordelt 136,35 mill kr til drift og et regnskapsmessig mindreforbruk på 4,07 mill kr. Netto driftsresultat er negativt med kr 2,3 mill kr, som skuldast tap på finansielle omløpsmidlar.

Rådmannen og økonomisjefen er invitert til å orientere i møtet. Det vises elles til utsendte dokumenter og orientering gitt i møte

Revisjonsberetning og andre merknader frå revisor.

Rogaland Revisjon IKS har gjeve standard revisjonsberetning for 2012 med ein merknader (presiseringar) under andre forhold:

1. *Kommunen har ikke satt opp en avstemming av innberettet lønn mot regnskap på pliktig skjema (RF-1022) som skal sendes skatteetaten.*

Revisor har gjennomgått og vurdert internkontrollen i kommunen og har peika på følgjande:

2. *Avstemming rekneskap mot lønn (skjema RF 1022) viser store avvik, merknad i revisjonsberetninga. Sjå kommentar i revisjonsberetninga.*

I tilknytning til rekneskapen har revisor nokre mindre merknader.

Notatet saman med revisjonsberetninga dannar grunnlaget for om den oppfølginga kontrollutvalet eventuelt må foreta i medhald av føreskrifta § 8. Av forhold som bør fylgjast opp er merknaden i revisjonsberetninga. Kontrollutvalet ber administrasjonen gje ei skriftleg tilbakemelding innan 2. september.

Kontrollutvalet må vurdere om det er forhold i regnskapet de vil kommenterer i sin uttale til kommunestyret, basert på dokumenta i saken og orientering gitt i møtet.

FORSLAG TIL VEDTAK:

1. Kontrollutvalet i Forsand har ingen/følgjande merknader til årsrekneskapen 2012 for Forsand kommune ut over det som kommer fram i revisjonsberetninga og årsoppgjersnotatet 2012.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet innan kontrollutvalets møtet i september, på dei punkta som er nemnde i saka.

SANDNES, 15.03.2013

Per Kåre Vatland
Seniorrådgivar

Vedlegg:

1. [Revisjonsberetning 2012](#).
2. [Årsoppgjersnotat 2012](#) – Forsand kommune
3. [Årsrekneskapen](#) og [årsmeldinga](#) for 2012 – Forsand kommune

[Saksliste](#)

5/13 Rapport selskapskontroll: Interkommunalt arkiv IKS

Arkivsak-dok. 13/00211-2
 Arkivkode. 217
 Saksbehandlar Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	29.04.2013	5/13

Bakgrunn

Kontrollutvalet i Forsand bestilte selskapskontrollen i Interkommunalt arkiv i møtet 07.05.2012, i tråd med vedteken budsjettamme og gjeldande plan for selskapskontroll. Bestillinga vart initiert av Sandnes kommune, som er største eigar.

I følge bestillinga var føremålet med selskapskontrollen "å gjennomføre kontroll med forvaltningen av eierinteressene i IKA (eierskapskontroll), og en analyse av utvalgte forhold knyttet til selskapets drift og utvikling (forvaltningsrevisjon)."

Bestillinga bygde vidare på følgjande problemstillingar:

- *Hvordan er selskapet styrt og hvordan er eiernes oppfølging av selskapet lagt opp?*
- *Hvordan følger selskapet opp formålet i selskapsavtalen og lovregler om offentlige arkiv?*
- *Bli selskapets aktiviteter rapportert i tråd med lover og regler?*
- *Hvordan følger selskapet opp lovregler om offentlige anskaffelser og offentlighet?*
- *Hvordan håndterer selskapet etikk, arbeidsmiljø og miljøvern?*

Saksutgreiing g

Rogaland Revisjon har utarbeidd rapporten, som nå vert lagd fram for kontrollutvalet til behandling.

Revisor har ved utarbeidinga av rapporten nytta informasjon frå styret og daglig leiar samt opne kjelder, som føretaksregisteret mm. Revisor har dessutan nytta informasjon frå eigarrepresentantar og kommunane sin administrasjon. Oversikt over dokumentasjon finne ein i vedlegg til rapporten.

I samandraget oppsummerar revisjonen sine funn og gir følgjande tilrådingar til selskapet og eigarkommunane:

ANBEFALINGER TIL SELSKAPET:

- *Styret bør utarbeide en styreinstruks. Styret bør foreta en årlig skriftlig egen vurdering. Styret bør registrere seg i KS sitt styrevervregister.*
- *Selskapet bør innhente et formelt skattefritak for sin virksomhet.*
- *Selskapet bør utarbeide et HMS-system. Selskapet bør vurdere valg av verneombud eller bruk av annen ordning.*
- *Selskapet bør påse at lovregler om offentlige anskaffelser følges for både vare- og tjenestekjøp.*

TILRÅDINGAR TIL EIGARKOMMUNANE

- *Kommunene bør sikre at eierrepresentantene får opplæring og informasjon om eierstyring.*
- *Valgkomitéen for styreutnevnelsen bør ta med habilitets- og kompetansevurderinger som dokumenteres.*

For fleire detaljar sjå samandraget og sjølve rapporten.

Føreskrift om kontrollutval § 15 slår fast at eit selskap som er omfatta av selskapskontrollen, og den som utøvar kommunens eigarfunksjon, alltid skal få høve til å gje uttrykk for sitt syn på dei tilhøve som er omtala i rapporten. Eventuelle kommentarar skal gå fram av rapporten.

Rapporten er kommentert av styre og dagleg leiar i selskapet, og av eigarane ved representantskapet i eigarkommunane.

Selskapet skriv i sin kommentar dei ikkje har merknader til faktagrunnlaget. Når det gjeld funna i rapporten, skriv selskapet at dei vil arbeide vidare med desse i løpet av 2013.

Frå eigarrepresentantane er det få tilbakemeldingar, og tilbakemeldingane har ingen særskilte kommentarar til rapporten

Sjå elles høyringsuttaler i rapporten.

Det finst ikkje tilsvarande krav for oppfølging av selskapskontrollar som for forvaltningsrevisjon. For kommunane sin del vil kontroll av eigarskap etter ny plan for selskapskontroll bli gjennomgått samla, og difor er det ikkje naturleg å følgje opp tilrådingane til eigarane nå. Når det gjeld tilrådingane til selskapet føreslår kontrollutvale at desse vert følgde opp hausten 2013.

Kontrollutvalet innstiller direkte til kommunestyret i denne saken.

Kontrollutvalet i Forsand rår til kommunestyret å fatte slikt VEDTAK:

1. Kommunestyret i Forsand tek den framlagde selskapskontrollen av Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS til etterretning.
2. Rapporten vert send over til eigarkommunane og selskapet. Selskapet vert bedd om å ta stilling til rapporten sine konklusjonar og tilrådingar. Kontrollutvalet følgjer opp tilrådingane som gjeld selskapet i løpet av hausten 2013.

SANDNES, 22.04.2013

Per Kåre Vatland
Seniorrådgivar

Vedlegg:

Rapport: [Selskapskontroll: Interkommunalt Arkiv IKS](#)

[Saksliste](#)

6/13 Rekneskapsoversikt kontroll og tilsyn pr 31.12.2013

Arkivsak-dok. 13/00144-2
 Arkivkode. 212
 Saksbehandlar Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	29.04.2013	6/13

Bakgrunn

Kontrollutvalet skal etter føreskrift om kontrollutval § 18 lage fremme forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Dette fører til at kontrollutvalet òg har ansvar for å fylgje opp rekneskapsrapporten på området.

Kontrollutvalet får rapport om rekneskapsrapporten kvart tertial. Ved andre tertial vert rapporten ofte laga pr 31.07, då kontrollutvalet har møte i byrginga på september for å få vedteke budsjettforslaget så tidleg som mogleg, for at kommunen skal få dette med i sitt framlegg.

Saksutgreiing

Til dette møte legg me fram rekneskapsrapport som dekker heile året. Rapporten er basert på opplysningar frå kommunen og frå Rogaland Revisjon.

Rapporten visar at det er brukt i alt 526.788 på kontroll og tilsyn i 2012, som utgjer 75,6 % av budsjetttramma. Men det er truleg at mindreforbruket skulle våre noko lågare då det ser ut til at kommunen ikkje har fått førd den siste fakturaen frå revisjonen. Dersom dette er rett skulle totalt forbruk vore kr 566.613,- som ville utgjort 81,3% av budsjetttramma.

Årsaka til mindreforbruket på kontrollutvalet er tri delt: Godtgjersle til utvalet vart lågare enn budsjettert, det vart brukt mindre på opplæring og kontrollutvalet har ikkje brukt av reserven sin i 2012.

Mindreforbruket på kjøp av sekretariatstenester heng saman med tilbakebetaling av Forsand kommune sin del av overskort for 2011.

Når det gjeld kjøp av revisjonstenester er det og her eit mindreforbruk. Revisjonen kommenterar tala sine slik: *"Forbruk 2012: I regnskapsrevisjonen er årsoppgjør 2011 gjennomført og interimrevisjonen for 2012 tilnærmet ferdigstilt. Det er utført attestasjon av mvakompensasjonen for 6 av 6 terminer i 2012. Blant særattestasjonar kan nevnes bekreftelse av tilskudd til ressurskrevende brukere som den mest tidkrevende. Innen forvaltningsrevisjon er et prosjekt om offentlige anskaffelser levert. Et prosjekt innefor barnevern er bestilt for levering i 2013."*

FORSLAG TIL VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Forsand tek rekneskapsrapport kontroll og tilsyn pr 31.12.2012 til orientering](#)

SANDNES, 22.04.2013

Per Kåre Vatland
 Seniorrådgivar

Vedlegg:
[Rekneskapsoversikt kontroll og tilsyn pr 31.12.2012](#)

[Saksliste](#)

7/13 Kontrollutvalet i Forsand si årsmelding 2012

Arkivsak-dok. 13/00213-2
 Arkivkode. 033
 Saksbehandlar Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	29.04.2013	7/13

Bakgrunn

Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret. Rapporteringa skjer dels løpande ved at rapporter mm. vert sende til kommunestyret for sluttbehandling. Det same gjelder meldingar om oppfølging av rapporter. Som eit ledd i rapporteringa inngår og årsmeldinga og årsplanen.

Saksutgreiing

Årsmeldinga oppsummerar alt arbeidet som kontrollutvalet har gjort i året som gjekk.

Årsmeldinga gir ein oversikt over kontrollutvalet sitt arbeid med:

1. løpande tilsyn med kommunes forvaltning,
2. oppfølging i forhold til revisjonen, kommunen sine rekneskapar og internkontroll,
3. bestilling av forvaltningsrevisjonar, behandling av rapporter og oppfølging av desse,
4. bestilling av selskapskontrollar, behandling av rapporter og oppfølging av desse.
5. kontrollutvalet sine oppgåver med budsjett for kontroll og tilsynsarbeidet og oppfølging av dette.
6. andre arbeidsoppgåver kontrollutvalet har hatt i 2012.

Som det går fram av årsmeldinga har kontrollutvalet i det alt vesentligaste nådd dei mål som vart sett i årsplanen for 2012.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand vedtek framlagd årsmelding for 2012. Årsmeldinga vert oversend kommunestyret til orientering.

SANDNES, 22.04.2013

Per Kåre Vatland
 Seniorrådgivar

Vedlegg:

[Kontrollutvalet si årsmelding 2012.](#)

[Saksliste](#)

8/13 Statusoversikt april 2012

Arkivsak-dok. 13/00087-2
 Arkivkode. 217
 Saksbehandlar Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	29.04.2013	8/13

Bakgrunn

Statusoversikten er kontrollutvalet sitt verktøy til å fylgje saker som går fleire møter. Dette gjelder forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar som fylgjast frå de vert bestilt og til dei er endeleg følgde opp. Men òg andre type saker som krev oppfølging vert tekes inn i oversikta. Oversikta vert oppdatert til kvart møte.

Saksutredning

Saka skal for det første gje kontrollutvalet oppdatert oversikt over status på dei enkelte sakene. Når saken er ferdigbehandla, vert de ståande slik at utvalet har oversikt over kva som er gjort i perioden.

Under denne saka kan kontrollutvalget òg ta opp spørsmål i tilknytning til sakene. Det vert òg lagt opp til at revisor under denne saken kan gje utvalet orientering om status på prosjekter dei arbeider med, og avklare endringar om dette er nødvendig.

Status til dette møte:

- *Selskapskontrollen: Interkommunalt arkiv IKS skal behandlast i dette møtet.*
- *Rapport om forvaltningsrevisjonen Anskaffingar vart behandla av kontrollutvalet 03.12.2012, og oversend til kommunestyret, som behandla denne 27.02.2013. Oppfølging er planlagt til møtet 16.09.2013.*
- *Rapport om forvaltningsrevisjonen budsjettstyring vart følgd opp av kontrollutvalet 03.12.12. Kommunestyret fekk melding om oppfølginga i møtet 27.02.2013, og saka er dermed avslutta.*

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tek statusoversikt april 2013 til orientering.

SANDNES, 22.04.2013

Per Kåre Vatland
 Seniorrådgivar

Vedlegg:

[Statusoversikt april 2013.](#)

Saksliste

Referatsaker/meldingar

1/13	Melding om vedtak i Kst: Kontrollutvalet sin årsplan 2013
2/13	Melding om vedtak i Kst: Plan for selskapskontroll 2012 - 2016
3/13	Melding om vedtak i Kst: Oppfølging av forvaltningsrevisjonen budsjetstyring
4/13	Melding om vedtak i Kst: Rapport forvaltningsrevisjon: Anskaffingar
5/13	Rogaland Revisjon: Åpenhetsrapport